

Lars Dahles «regime» og sjølvstendighets-trongen i den gassisk-lutherske kyrkja (1889–1920)

AV SIGMUND EDLAND

Då Lars Dahle tok over som generalsekretær 1. januar 1889, var han den første misjonæren som rykka opp i den ledande stillingen i Det Norske Misjonssekskap.

Denne epoken i selskapets hundreårshistorie har i John Nomes framstilling fått tittelen: «Lars Dahles Regime».¹ Karakteristikken passer godt på den dominante stillingen som Dahle fekk i NMS i dette tidsrommet.

Etterkvart som arbeidet vaks både ute og heime, vart det stadig vanskelegare for misjonsvenner og hovedstyremedlemmer å ha oversikten. Ein vart derfor avhengig av den ekspertisen som «sekretæren» sat inne med.

Dahle karakteriserer sjølv sitt «regime» i eit brev til den unge sekretæren i Kinaforbundet, Johannes Brandtzæg, der han seier:

«Vor Bestyrelse er nu saa gammel at den forlängst har indseet, at den i vanskelige Spørgsmaal maa lade Sagkyndigheden raade. (. . .) Hos os (. . .) foretar man sig aldrig noget af større Betydning (dvs. i hovedstyremøtene) naar ikke Sekretæren er med.»²

Det gamle hovedstyret si vakling var nå erstatta av eit «opplyst eneveld».³

Men Dahle var ingen ung demokratisk radikaler lenger. Han var alt bortimot 50 år då han overtok, og han hadde vanskeleg for å møta den nye tida i norsk kristenliv etter 17 års samanhangande te neste på misjonsmarka. Nome karakteriserar han slik:

«Hans anskuelser var nå for lengst festnet i konfesjonell-konservativ retning, både når det gjaldt hans teologiske og kirkelige syn; i sine misjonsteorier var han likeledes sterkt konservativ og holdt på de gamle prøvde synsmåter og praktiske metoder som hadde vært aktuelle i hans egen misjonærtid, og han stillte seg

stadig sterkt kritisk prøvende til nye idéer, bevegelser og tiltak som meldte seg her.»³

Dahle var framand for vekkelsane som hadde gått over norsk kyrkjeliv i 1880-åra, og han forstod derfor lite av den sterke misjonsinteressa for Kina som hadde blitt vekt mellom ungdomen. Med sin aktive motstand mot å ta opp arbeid i Kina i 1889 og 1890, blei han ein viktig negativ faktor i spittelsen mellom NMS og den nye Kinamisjonen.⁴ At han så i 1901 fekk generalforsamlinga i NMS til å ta opp arbeid i Kina likevel og etterpå tok inn fleire misjonærer som hadde brote med Kinamisjonen pga. ordinasjons- og ritualstriden der, gjorde ikkje motsetningane mindre.⁵

Ein heil generasjon misjonsinteressert ungdom hadde vanskeleg for å finna utløysing for sitt misjonsengasjement i NMS fordi den konservative Dahle ikkje våga å sleppa ungdommelig initiativ til. «Den Gamle Misjonen» blei til «Dei gamles Misjon», og sjølv om arbeidet seig jamt framover i denne tida, så trongst det ei markert fornying på mange fronter då Dahle gjekk frå borde i 1920.

Mindre kjent enn hans feilvurdering av Kinainteressen i Norge då han kom heim etter 17 år på Madagaskar, er hans feilvurdering av situasjonen på Madagaskar, då han vendte tilbake dit etter 16 år i Norge. Det er denne vi skal sjå nærmare på i denne artikkelen.

Då Dahle forlet Madagaskar i 1887 hadde arbeidet såvidt begynt på den eksplasive framgangen som på 20 år (1882–1902) fekk antal kyrkjemedlemmer til å stiga frå ca. 4000 til mest 60 000.⁶

Dahle hadde sjølv ordinert dei første 12 gassiske prestane i åra 1883–87, men desse hadde jo lite fått vist kva dei dugde til då han reiste. I 1902 var det 70 gassiske prester i arbeid, og dei fleste av desse hadde gjennom solid og lang teneste både i medgangstidene før den franske okkupasjonen (1895) og i forfølgelse og motgang etterpå, modnast til solide kjernetropper, som ein kunne byggja eit kyrkjeleg sjølvstyre på.

I Dahles tid på Madagaskar var kyrkjeleg sjølvstyre ein utenkt tanke. Det var ennå pionermisjonærane som rådde på kvar stasjon, og ingen tenkte på å gjera dei rangen stridig. Ein finn derfor ingen spor av krav om sjølvstyre før uti 1890-åra.

Tanken om ein «Synode» som fellesmøte for alle årsmøtekretsane i kyrkja, blei først reist av Soatanana-misjonären MEEG på misjonærkonferansen i 1891 – men blei foreløpig lagt til side.⁷ Årsmøta for større kretser av stasjonsdistrikt var då ein nyskapning i kyrkja. Det første Årsmøtet blei arrangert av Josef Nilsen på

Manandona i 1890 og heile konferansesekretsen i innlandet blei straks etter delt i fem årsmøtekretser.⁸ Desse møta var først og fremst for gasserne, og blei leda av ein komite av gassiske prester. Misjonærane hadde ingen sjølvskriven plass, slik dei hadde i alle andre råd på den tida. Dette forklarer litt av den store populariteten som desse møta straks fekk.

Dei ytre omveltingane i 1895, då franskmennene tok landet, skapte store forandringer for kyrkja. Tapet av nasjonalt sjølvstyre og all vold og undertrykking som franskmennene brukte for å «passifisera» landet etter det nasjonalistiske «Menalamba-opprøret», hadde gjort gasserne nasjonalt bevisste på ein ny måte.⁹

Jesuitanes storm mot dei protestantiske kyrkjene i ly av det franske styret, hadde og lutra og bevisstgjort kyrkja.¹⁰ Desse omveltingane fekk også dei fleste av pionermisjonærane til å reisa heim. Yngre krefter overtok, og ein fekk ein ny konstellasjon – der yngre (og uerfarne?) misjonærer skulle styra over eldre erfarne gassiske prester.

Ennå viktigere for utviklinga i kyrkja var kanskje den sterke og eigenarta vekkelsen som starta i Soatanana distrikt i 1894, og som frå 1899 raskt spreidde seg over heile kyrkja. Vekkelsen var starta og leda av ein tidligere trollmann, og greip i mange ting mykje betre inn i gassisk verkelighetsforståelse enn den vanlege forkynninga.¹¹ Likevel unngjekk ein spittelse mellom kyrkje og vekkelse, slik ein så ofte har fått det i afrikanske kyrkjer. Grunnen til dette var m.a. at så mange av prestane og misjonærane straks gjekk positivt inn for vekkelsen.¹²

Denne vekkelsen blei ei mektig åndeleg fornying, ja, ein kan hevda at først med denne vekkelsen blei kyrkja gassisk. «Det er det store vendepunktet i den åndelige utviklingen fra misjon til kirke som nå er kommet,» skriv Birkeli.¹³

I spora av denne vekkelsen kom det eit sterkt økonomisk oppsving for kyrkja og eit ønske om meir sjølvstyre. Vi finn også den same vekselverknaden mellom vekkelse, sjølvhjelp og sjølvstyre både i slutten av 1920-åra og i slutten av 1940-åra. Dette blei begge avgjerande perioder for FLM's sjølvstendiggjering. Alt dette hadde skapt ein ny situasjon i den gassiske kyrkja – som Dahle ikkje heilt forsto.

Dyrtida på Madagaskar saman med økonomiske vanskar for misjonen i Norge, og utlegg til ei ny misjonsmark i Kina (frå 1902), hadde skapt krisestemning i Hovestyret. Dei sendte derfor ein skri-

velse til tillitsmannen, Borchgrevink, våren 1902. Der set hovedstyret fram bestemt krav om at «Menighedernes Organisation og Selvstændiggjørelse tages under grundig Overveielse». ¹⁴ Det er først og fremst ei økonomisk sjølvstendiggjeiring Dahle har i tankane – for å letta trykket på budsjettet.

Omtrent samtidig med dette (i september 1901) sette Meeg og «de vakte» frå Soatanana fram forslag på årsmøtet for Sør-Betsileo om at ein skulle arbeida for å få til eit fellesmøte for alle årsmøtekretsane. Dei sendte innbydelse til dei andre årsmøtekomiteane, om å delta på eit forberedande møte på Ambatofinandrahaa i november 1901. Sjølv om den viktige Nordkretsen ikkje møtte, sette ein opp forslag til grunnreglar for eit gassisk synodemøte.

Viktigaste punktet var nok at Synoden skulle vera kyrkjas øversete myndighet og representera FLM overfor misjonærkonferansen og overfor hovedstyret i Stavanger. Elles er det mange uklare punkter i dette forslaget.

Tillitsmann Borchgrevink, som jo var øverste lovlige kyrkjelege myndighet då, fekk først etter møtet høyra om dette initiativet. Meeg sendte forslaget frå Ambato-møtet saman med nokre forklaringar til han, og ba om at saka vart drøfta på første konferansen.¹⁴

På konferansen i 1902, måtte ein altså behandla både hovedstyrets krav om sterkare sjølvhjelp i kyrkja, og Ambatomøtets bønn om meir sjølvstyre.

På konferansen var meiningsane nokså delte. Tillitsmannen la fram Ambato-møtets forslag og gjekk inn for at kyrkja skulle få halda sitt første synodemøte i september 1902. Eit lite mindretal hevda at ein ikkje burde få to ulike møter med myndighet i kyrkja (Misjonærkonferansen og Synoden), for dette ville bare føra til kompetansestrid og vansker. (Vi har seinare fått mange døme på at desse hadde rett.) Dei foreslo at ein heller skulle gi gasserne plass i Konferansen etterkvart som distrikta blei sjølvhjelpte. På den måten kunne ein få ein mjuk overgang til gassisk fleirtalsstyre i kyrkja, og ein ville unngå strid om kven som skulle bestemma.

Lars Vig la fram eit forslag som kritiserte Ambato-forslaget nokså sterkt. Det var for kortfatta og uklart til å kunna brukast til grunnreglar, meinte han. Han la fram eit omfattande forslag som m.a. innebar at sjølvhjelp skulle vera grunnlaget for sjølvstyre.

Etter å ha diskutert saka grundig sendte konferansen Vigs forslag saman med Ambato-forslaget til videre behandling på Synodemøtet som skulle haldast på Fandriana same hausten. Det tredje

forslaget var for nytt og radikalt, og blei lagt til sides.

Synodemøtet på Fandriana frå 2. til 5. september 1902, blei eit stormøte av dei sjeldne i kyrkjas historie. Det møtte i alt 432 gassiske utsendingar frå heile Innlandet og Østkysten og Baralandet. Det møtte også 10 misjonærer med tillitsmannen i spissen, og ei mengd tilreisande interesserte. Åpningsgudstenesta blei ei høgtidsstund for dei frammøtte, der ein for første gong opplevde ei representativ samling frå heile kyrkja (sjå 8). Borchgrevink «erindrer»:

«En av Missionens Damer, der var tilstede ved Mødet, skriver i Brev . . . herom: «Det var et overmaade interessant Møde, der ret var skikket til at give et Indblik i den store Gjerning vor Mission har udført herude. . . . Du kan tro, det gjorde et underlig, næsten overvældende Indtryk paa os, der har seet Gjerningen fra det lille Sennepskorn af – der var jo ved vort første Besøg paa Betafo i 1871 kun omkring et Snes Mennesker døbte – vokse opp til dette store Træ, at komme ind i denne store, vakre Kirke, fyldt til Trængsel af vore bedste Folk, Blomsten av vor Mission.»¹⁵

Forhandlingane gjekk mykje lettare enn venta. Ein blei fort enige om at Ambato-møtets forslag var for lett, og ein utarbeida derfor nye grunnreglar som i det vesentlege bygde på Vigs kritiske kommentarer. Grunnreglane hadde ein fin balanse mellom sjølvstyre og sjølvhjelp, og var borene oppe av eit positivt forhold mellom kyrkje og misjon.

Då ein var ferdig med grunnreglane blei hovedstadspresten, Hans Rabeony, valgt til Synodekomiteens formann (tilsvarer omrent kirkepresidenten i dag). Han var Borchgrevinks pleieson og hadde m.a. studert ved misjonsskulen i Stavanger i åra 1882–85. Vel inne i misjonærane kultur og tankegang skulle han ha dei beste forutsetninger for å samarbeida med misjonen, der pleiefaren var tillitsmann.

Ein skilstest i glede og optimisme. Forslaget til grunnreglar vart trykt og sendt ut til alle menighetane i kyrkja – med eit lite forbehold: Dette måtte godkjennast av Hovedstyret i Stavanger. Borchgrevink skriv m.a. i forordet til desse grunnreglane:

. . . «Eg håper at det kanskje ikkje er så altfor mykje han (Dahle) ynskjer å forandra på. Grunnen til dette håpet er dette: Då eg sendte forslaget frå Ambato-møtet og forslaget frå Vig til han, skreiv han tilbake, og sa: «Kanskje dei begge trør litt utanfor veien; det eine til venstre og det andre til høgre.» Og

etter mi meining har møtet på Fandriana nå funne den veien (midt imellom) som Sekretæren (Dahle) og direktørane (hovedstyret) ynskjer. Derfor kan vi håpa, at sjølv om der vil bli forandringer, så vil dei ikkje bli altfor store.»¹⁶

Men det viste seg dessverre at Borchgrevink var altfor optimistisk. Hovudstyrets svar på denne saka var halden i svært runde vendinger som vi ser av sitatet ovanfor. Ein kan undrast over at dei ikkje på eit tidligare tidspunkt sa frå om at dei hadde så mykje i mot kyrkjas ynskje i denne saka. Eit klart ord tidleg i saksgangen kunne nok ha førebygd mykje av den misstemninga som blei resultatet av Dahles inspeksjonsreise.

Inspeksjonsreisa var alt vedtatt før sjølvstyresaka kom på dagsorden. I Cirkulære til Generalforsamlingen i Trondhjem 1901 begrundast ønsket om inspeksjon m.a. med:

«- at Forholdene paa Madagaskar har undergaaet saa gjennemgribende Forandringer i de sidste Aar, at vor Sekretær ofte har hatt en Følelse af, at det Kjendskab til Forholdene, som han i sin Tid har erhvervet gjennom et langt Missionsliv, ikke alltid er ganske tilstrækkeligt til Veiledning ved Bedømmelsen af de Forholde, som nu foreligger.» (sic!)¹⁷

Ut frå dette kunne ein kanskje venta at Dahle ville undersøkja forholda på Madagaskar før han gjorde seg opp ei meining. Men alt tyder på det motsette. Dersom vi vender oss til dokumenta frå dette tidsrommet, viser det seg at sjølvstyresaka var hovedspørsmålet for Dahles inspeksjon på Madagaskar. Mykje tyder og på at han for lengst hadde bestemt seg for kva han ville meina om saka.

I begrunnelsen for inspeksjonen som Dahle trykte i Misjonstidende,¹⁸ presiserer han at «Hovedformalet med Inspektionen» er nettopp problema med «Selvstændiggjørelse og Selvhjælp». Og i reisebreva til Misjonstidende, hamrer han stadig på prinsippet om at sjølvstyre må bygga på sjølvhjelp. Han besøkte fleire misjonselskap i Europa på veien sørover for å diskutera desse prinsippa med lederne - og finna støtte for sitt syn.¹⁹ Det er tydeleg at Dahle driv bevisst opinionspåvirkning, for å ha støtte til det han har tenkt å gjera på Madagaskar.

Ein annan ting eg undrast over, er at eit stormøte i kyrkja, som det som samlast på Fandriana i 1902, ikkje er nevnt i misjonsinformasjonen i Norge. Det er ingen tvil om at ein så punktlig mann som Borchgrevink, har gitt utførlig rapport til hovedstyret om dette. (Eg trur og å ha sett henvisning til ein artikkel som

Borchgrevink skulle ha sendt til Misjonstidende i 1902.) Men etter å ha sett gjennom MT 1901–02–03 har eg ikkje funne saka nevnt i det heile tatt – utanom Dahles presiseringer av sine standpunkt. For meg ser det ut som at Dahle har manipulert bort alt som ikkje stemmer med hans syn.

Men kvifor hadde ein ikkje gitt beskjed til ledelsen på Madagaskar om kva ein meinte? Kanskje vi finn ein begrunnelse i den «Indberetningen» som Dahle skrev etter inspeksjonsreisa.²⁰

«Det kunde kanskje synes underligt, at Hovedbestyrelsen ikke endnu havde uttalt sig om dette Forslag, paa hvilket der allerede var lagt saa meget Arbeide ude paa Missionsmarken. (. . .) Dess-uden fandt den allerede ved et foreløbig Blik paa Forslaget, at det led af en Mangel, der var saa væsentlig, at der krævedes betydelige Forandringer (. . .) og for at kunne rette paa denne var det af Viktighed, at Sekretæren først kunde faa forhandle med de indfødte . . . »

Dette er jo ein fullstendig underkjennelse av misjonærkonferansens stilling, og av dei aktive misjonærane dømmekraft og innsikt i situasjonen. Bare sekretæren kan føre saka. Det er fristande å tru at misjonærane på feltet var enige med gasserne, og derfor ikkje til å stola på?

Då Dahle kom til Madagaskar, var Synoden samankallt til ekstraordinært møte i Fianarantsoa (23.–27. juli 1903). etter Borchgrevinks positive omtale av Synoden, både i forordet til grunnreglane og i cirkulære til menighetane i 1902, var optimismen stor.²¹ Det blei derfor ein kraftig kalddusj for dei frammette då Dahle nekta å diskutera dei grunnreglane ein hadde laga, og i staden slo fast at dei hadde begynt arbeidet i galne enden.²² I staden for å skaffa midler til arbeidet sitt, hadde dei skaffa seg meir arbeid – eit stort og kostbart administrasjonsapparat. Han samanligna Synoden med ei stor og flott vogn, som var mykje for tung for den vesle magre hesten som skulle trekkja henne (kyrkjas yteevne). Så lista han opp sine prinsipp for samarbeidet Kyrkje/Misjon:²³

1. Det er kyrkjas oppgave å skaffa midler til investeringer, vedlikehold, lønninger og driftsbudsjett til alt arbeid i menighetene. Misjonen lover å hjelpa til ennå ei stund der menighetene ikkje greier det sjølv.
2. Ein oppretter ein komite i kvart distrikt. Denne, som består av misjonærer og tre valgte gassere, skal hjelpe sjølvhjelpsarbeidet fram og disponera midlene.

3. Fordi ein ikkje vil makta oppgaven under punkt 1 på lang tid enå, må kyrkja be NMS om å overta det misjonsarbeidet årsmøter og distrikter har drive.

Dette var hard kost. Birkeli påpeiker at bare Dahles store autoritet frå den tida han leda arbeidet her ute kunne få Synoden til å godta dette.²⁴ Misnøya var stor, og først etter vedvarande press frå generalsekretæren ga forsamlinga etter. Dahle skriv:

«Men eftersom debatten skred frem, begyndte de forstandigere at indse at jeg hadde ret.»²⁵

Mest bittert for gasserne var det kanskje å måtte gi opp kyrkjas eige misjonsarbeid. Det siste tiåret hadde både årsmøter og menigheter samla inn penger til å driva misjonsarbeid i mørke strøk.²⁶ «På dette punktet ønsket flere gassere ikke å gi seg, og det varte flere år før denne saken ble ordnet.»²⁷

Misjonsarbeidet, som er ein livsfunksjon i einkvar rett menighet, vart nå forbudt. Ingen menighet fekk lov til å driva arbeid utanfor sine eigne grenser, før ein greidde alle utgifter innanfor grensene. Misjonen skulle driva misjon – kyrkja skulle vera kyrkje! Dette er nok Dahles prinsipielle misjonssyn.²⁸

Dahle greide ikkje å få Soatanavekkelsen inn i dette systemet. Den hadde alt sin eigen organisasjon, og i åra framover vart mykje av misjonsinteressen hos folk kanalisiert gjennom vekkelsen. Men som vi seinare skal sjå, har det hatt store negative konsekvenser i FLM at ikkje misjons-engasjementet blei anerkjent som ein legitim del av kyrkjas ansvarsområde.

Formelt sett blei ingenting endeleg avgjort på Synodemøtet i 1903. Dahle skulle bare forhandla og så rapportera til hovestyret. Men hovedstyret var, som vi har sett ovanfor, underlagt «ekspertisen», så det kom ikkje anna nytt i deira svar enn Synodemøtet kunne få fortsetja som felleskyrkjeleg samling kvart tredje år – men uten nokosomhelst myndighet. «Resultatet ble at synodemøtet ikke ble innkalt, og at synoden døde hen i en alminnelig stemning av misnøye.»²⁹

Det er dei berømte «Tre-Selv» tesene som ligg til grunn for Dahles inngrep i kyrkjeutviklinga. «Så tidlig som i 1854 hadde Henry Venn, den daværende leder for kirkemisjonsselskapet i London, talt om at det var misjonens mål å skape selvstyrte, selvunderholdende og selvmisjonerende kirker og om misjonens død.»³⁰ Ei bokstaveleg tolkning av desse tesene ga ikkje så gode resultat i forrige århundre, og dei har derfor blitt nokså ulikt tolka oppigjen-

nom tidene. I dagens Kina tolkast dei, som kjent, slik at kyrkja skal vera sjølvhjelpt med alt – og ikkje tillata hjelp utanfrå.

I Dahles modell sto dei «Tre-Selv» for ei nokså motsett tolkning: Først fullt sjølvunderhald – så kan vi seinare snakkast om å gi dykk litt medbestemmelsesrett og rett til å driva misjon. Birkeli skriv:

«Synodebevegelsen var båret fram av denne tanken: gi menighetene myndighet, så vil nok pengene komme. Fianarantsoaresolusjonen sa faktisk: skaff penger til veie, men misjonen skal fremdeles kontrollere det hele, inntil distrikturen er blitt selv-hjulpne.»³¹

Dahles innsats på Madagaskar i 1903 er kanskje det mørkaste kapittel i vår misjonshistorie der. Naturligvis må ein sjå det i lys av dei aktuelle straumdrag i tida. Kanskje Dahle under sitt besøk hos koloniministeren i Paris på vei ut, hadde blitt oppmerksom på den makt som antiklerikalismen (fiendtligheten mot den katolske kyrkja) hadde fått i regjeringa? Kanskje det ante han kva problem kyrkja ville kunna koma opp i, dersom den blei gassisk styrt?³² Det er ingen tvil om at kyrkja ville blitt ennå hardare ramma, dersom den hadde vore gassisk-styrt, då den anti-kyrkjelege guvernøren Augagneur slo til med skule- og kyrkjelukking i stor stil frå 1906 av. Men det er tvilsomt om Dahle hadde innsett dette. Hans sterke krav til dei franske myndighetene i 1903 (koloniministeren og guvernør Gallieni) om at misjonane måtte få betalt for det undervisningsverk dei gjorde, tyder på at han slett ikkje har tatt antiklerikalismen særlig alvorleg.³³

Kanskje dette maset frå Dahle og andre misjonsledarar var medverkande til at Augagneur tok kvelertak på kyrkjene sitt skulearbeid? (Ca. 90% av skulane våre blei stengde i åra 1906–10.) Dette veit vi likevel for lite om til å kunna seia noko sikkert.

Men då finn vi at Dahle i grunnen bare hadde eitt viktig argument for sin handlemåte: Økonomi. Selskapet var, som vi alt har sett, i økonomiske vansker på den tida, og det var meir pragmatikk enn langsiktig prinsipiell tenkning som bestemte handlingane hans. Dette vedgår han åpent i eit brev frå hovedstyret til tillitsmannen:

«Hbst. bifalder den Beslutning, at man skulde søge for Fremtiden at faa de Indfødte til *etterhånden at overtage visse arbeids-grene*. Vistnok stemmer ikke dette saa ganske med den Beslutning, som blev fattet paa de Indfødtes Synode i Fianarantsoa 1903 under Sekretærrens Nærværelse og paa hans Initiativ. Men det gjaldt DA fremfor alt at faa de Indfødte til at *bidrage noget*

klækkeligt, og at disse deres Bidrag fik en saadan Anvendelse, at det blev til *lettelse i budgettet*. Naar bare dette opnaaes, har man opnaaet *det væsentlige*, og da faar man forøvrigt lempe sig efter hvad der til Tid og Sted er det mest praktiske.»³⁴

Klarere kan det neppe seiast?

«*De lange år med selvhjelpsstrev og comité mixte!* (og) *motvind fra staten (. . .)*» (1904–1926).³⁵

Slik karakteriserer Birkeli tidsrommet som fylgte etter Dahles inspeksjon.

Det blei eit kraftig tilbakeslag i kyrkjelivet i desse åra. Statistisk og økonomisk gjekk det nok ennå framover nokre år – men samarbeidet hadde fått ein alvorleg knekk, og stagnasjonen sette inn på mange område. Mange av våre beste innfødte ledarar og prester blei «vanskelege» eller gjekk trøytte.

Også mange av misjonærane var skuffa over tilbakeslaget. Borchgrevink er kanskje den som mest utilsløra gir uttrykk for dette. Han «erklærte seg uenig med Dahle og hovedstyret og mente at deres handlemåte ville «lamme» interessen hos de innfødte for en selvstendig kirke –». ³⁶

Det viste seg snart at Dahles pragmatiske resolusjon var umuleg å gjennomføra. Den tok for lite hensyn til dei ordningar som alt var innarbeidde i kyrkja (menighetsråd, kvartalsmøte, årsmøte osv.) og ga derfor for lite rom til innfødt initiativ.

Organisasjonssaka vart derfor ein gjenganger på konferansane og i korrespondansen med hovestyret.³⁷ I 1905, 1907, 1908 og 1910 hadde ein lange diskusjoner. Konferansen i 1908 vedtok nye, moderate grunnreglar for kyrkja, som sikra misjonen makta like til menighetene greidde alle utgiftene sine sjølv.

Gasserne var skuffa over desse grunnreglane, fordi ein ikkje hadde gitt plass til årsmøta som eit ledd i organiseringa av kyrkja (over menighet, prestegjeld og distrikt). Misjonærane ville gjerne gitt gasserne meir myndighet, men var pressa av hovedstyrets negative innstilling – og ikkje minst av det anti-kristelege og anti-gassiske styresettet som blei innført av Augagneur i 1906. Han var overbevist ateist og gjorde kva han kunne for å skade kyrkje og misjon.

Vi har før nevnt at 90% av skulane våre blei stengde i denne tida. Men også mange kyrkjer blei stengde pga. manglende autorisasjon. Misjonsarbeidet måtte faktisk innstillast i mange mørke strøk, fordi det var forbudt å halda kristelige møter anna enn i au-

toriserte kyrkjehus. – Og for å få søkja om autorisasjon måtte ein ha minst 80 underskrifter. Dessutan blei søknadene som oftast forhalte eller avslått i denne tida. Gassiske foreninger eller organisasjoner blei på det strengaste forbudt, og derfor kunne ein ikkje gå videre med tanken om eit reint gassisk toppmøte i kyrkja. Ein måtte altså prøva å finna ein brukbar kombinasjon misjonær/gasser, og mange av misjonærane fant dette heldigast på alle måter. Tanken om å unngå å få to møter med makt i kyrkja (eit norsk og eit gassisk) hadde nå modnast mellom dei.

Konferansen i 1910 vedtok to forslag:³⁸

1. At ein får ein innfødt rådgivande komite som samlast før konferansen og avgir innstilling til denne i kyrkjesaker.
2. (Subsidiært): At ein gir adgang til at sjølvhjelpte distrikt får velga ein representant til konferansen.

Dette siste var det mest interessante forslaget og skapte lang debatt. Hovedstyret hadde alt uttalt sine betenkelsigheter til ei slik løysing, og Johannes Johnson uttalte derfor:

«Vi fastholder at noget bør gjøres. Vil foreslaa følg. udtalelser:

1. Overfor det i hovedstyrelsens brev af 21/12 1908 udtalte og i dens brev af 13/12 1909 fastholdte principielle betenkelsigheder ved det fremsatte forslag om en blandet konferens, maa konferensen, efter gjentagne og indgaaende overveielser etter i ærbødigheid fremholde som sin overbevisning, at vi bør sigte paa en ordning af forholdet mellom missionen og den gassiske datterkirke, hvorved indfødte menighedsrepresentanter – under den ene eller den anden form – faar sæde og stemme i konferensen.

2. Den tillader sig derfor at bede hovedbestyrelsen om at søge udvirket en forandring af instruksens § 18, som kan muliggjøre en saadan forandring.»³⁹

Men gamle Dahle og hovedbestyrelsen våga seg ikkje inn på så radikale tanker som å sleppa dei innfødte inn i konferansen, og denne idéen – som kunne ha gitt ein mjuk overgang til «svart fleirtalsstyre» – blei dermed skrinlagt for godt.

Derimot godtok dei forslaget om ein rådgivande komite. «Comité Mixte» (Den Blanda Komite) blei derfor samla første gong i 1912, og denne komiteen med fem misjonærer og åtte innfødte, blei i dei neste 15 åra gassernes talerør overfor misjonærkonferansen.

Lenger kunne ein ikkje koma med gassisk sjølvstyre så lenge Lars Dahle sat med makta.

Vi skal i neste artikkel sjå litt på konsekvensane av sjølvstyrestriksen i kyrkja (1901–1910) og utviklinga fram til i dag.

NOTER:

1. John Nome: Det Norske Misjonsselskaps historie i hundre år. Bind II. Stavanger 1943. Side 96f.
2. Nome: Anf. skr. s. 105.
3. Nome: Anf. skr. s. 85.
4. Nome: Anf. skr. s. 105f.
5. Olav Uglem: Norsk Misjonshistorie. Oslo 1979. s. 167f.
6. Statistikken i «Det Norske Misjonsselskaps 61de Aarsberetning. s. 116 viser 57 144 menighetslemmer i 1902 i innlandskretsen.
7. F. Birkeli: Det Norske Misjonsselskaps historie i hundre år. Bind IV. side 200. Sjå også Konferansereferat 1891, s. 386.
8. Dei fem var: Isantaona Avaratrimania (Nord-Betsileo), Isantaona Afovoany (Mellom-Betsileo), Isantaona Atsimon'Imatsiatra (Sør-Betsileo), Isantaona Atsinanana (Østkysten), Isantaonan'Ibara (Baraland). Arbeidet på Vestkysten og i dei norskamerikanske synodane i sør, var organiserte i eigne konferanskretser, og var derfor ikkje med på Synode-forhandlingane i 1902–03. Arbeidet var bare i sin spede begynnelse på desse plassene på den tida.
9. Birkeli: NMS's historie i hundre år. Bind IV, s. 161 og 172.
10. Birkeli: Anf. skr. s. 166f.
11. Thunem: Vækkelserna på Madagaskar, Stavanger 1926, side 36f og Birkeli: Anf. skr. s. 188f.
12. Birkeli: Anf. skr. s. 192f. Sjå også dei mange positive innlegg i Misjonstiden, særleg i årgangen 1901.
13. Birkeli: Anf. skr. s. 188.
14. Birkeli: Anf. skr. s. 200.
15. Borchgrevink: Erindringer fra de første femtaar af Det Norske Misjonsselskaps arbeide paa Madagaskar, Stavanger 1917. side 172f. Dette er sikkert fru Johanna Borchgrevink.
16. Oversatt frå gassisk etter forordet til: Organisasionan'ny Fianganana Loterana Malagasy eto Ampovoan-tany. Tananarive. Impremerie de la Mission Norvegienne. 1902.
17. Cirkulære til Generalforsamlingen i Trondhjem 1901. Stavanger 1901. side 18.
18. Misjonstidende 1902, s. 478. Sjå også red. Hoved MT 1903, s. 62.
19. MT 1903, s. 67–69 (Barmen og s. 109 (Basel).
20. Inspeksjonsreisen til Zulu og Madagaskar i 1903. Indberetning til Generalforsamlingen i Bergen 1904. Stavanger 1904. s. 44.
21. Voly Maitson Andriamanitra. Tantaran'ny Fianganana Loterana Malagasy 1867–1967. (FLM's offisielle hundrearshistorie). T.P.L. Tananarive 1967, side 39–40.

22. Inspektionsreisen – s. 44f.
23. Inspektionsreisen – s. 47.
24. Birkeli: Anf. skr. s. 206.
25. Dahle: Tilbakeblik paa mit liv og særlig paa mit missionsliv. Bind III, Stavanger 1923. side 213.
26. Voly maitson'Andriamanitra, s. 39: Årsmøtet for Nord-Betsileo heldt ein prest i Manambondro distrikt på Østkysten. NMS's 59de Aarsberetning, Stavanger 1901, s. 98: Betsileo heldt ein prest i Skogen, Nord-kretsen driv misjonsarbeid i Bemahazembina og støtter Josef Nilsens arbeid i Skogen. Ambato distrikt heldt ein prest og ein lærer i Bemahazembina osv. Mange fleire eksemplar kunne sikkert vore trekte fram.
27. Birkeli: Anf. skr. s. 207.
28. Inspektionsreisen – s. 46. (NB. Svært klart uttrykt).
29. Birkeli: Anf. skr. s. 207.
30. Stephen Neill: Misjon i 2000 år. Oslo 1971. side 173.
31. Birkeli: Anf. skr. s. 206.
32. Inspektionsreisen – s. 77f og MT 1903 s. 464.
33. Inspektionsreisen – s. 172f.
34. Konferansereferat 1905 s. 139 (brev av 12/12 (1904?)).
35. Birkeli: Anf. skr. s. 208.
36. Birkeli: Anf. skr. s. 207.
37. Birkeli: Anf. skr. s. 217.
38. Konferansereferat 1910, side 23f.
39. Konferansereferat 1910, side 46.